

ÅRSMELDING 2012

BRUKARUTVALET I HELSE BERGEN

Samansetjing av utvalet t.om. juni 2012

Faste medlemmar

Jorunn M. Bakke, leiar	FFO,
Anne-Berit Kolås, nestleiar	SAFO,
Geir Ove Søreide	FFO
Mona Fosse	FFO
Inge Johs Reigstad	FFO
Helen Aareskjold	FFO
Ida Carlsen Eide	SAFO
Olga Johannessen	Fylkeseldrerådet

Vara medlemmar

Line Orvedal	FFO
Elin Arnesen	FFO
Bjørn Greve	FFO
Hjørdis Dahle	SAFO
Birgitte Hjertås	SAFO
Willy Gustafson	Fylkeseldrerådet

FFO: Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon

SAFO:Samarbeidsforum av funksjonshemmedes organisasjoner

Samansetjing av utvalet f.o.m august 2012

Faste medlemmar

Jorunn M. Bakke, leiar	FFO
Anne-Berit Kolås, nestleiar	SAFO
Geir Ove Søreide	FFO
Erling Jacobsen	FFO
Bente Orlen Westervik	FFO
Helen Aareskjold	FFO
Ida Carlsen Eide	SAFO
Sigmund Olsnes	Fylkeseldrerådet
Magnus Mjelde	Kreftforeningen

Vara medlemmar

Line Orvedal	FFO
Svein Nord Kristiansen	FFO
Liv Huus Iversen	FFO
Esther Vetås	SAFO
Hjørdis Dahle	SAFO
Margot Bertheussen	Fylkeseldrerådet
Nils Haugland	Kreftforeningen

Frå administrasjonen

Anne Sissel Faugstad, viseadministrerande direktør,

Administrativt ansvarleg for utvalet

Magne Høgelid, Rådgjevar, seksjon for helsetenesteutvikling/

Sekretariat for utvalet

Oppgåver og aktivitetar

Brukarutvalet har halde 9 møter og har handsama i alt 74 saker i 2012. Møta er for det meste haldne i møterom sentralblokka og i administrasjonsbygget. Det vart halde fellesmøte mellom gamalt og nytt utval på Pasienthotellet 28. august. Brukarutvalet vart frå sommaren 2012 utvida frå 8 til 9 representantar i og med at Kreftforeningen vart representert. Det har også i 2012 vore stor aktivitet i Brukarutvalet.

Det er utarbeidd prosjektoversikt som følgjer årsmeldinga og som viser aktuelle prosjekt med brukarmedverknad pr. desember 2012 og aktuelle prosjekt pr. juni 2012.

Det har i 2012 vort arbeidd spesielt med:

- ❖ **Samhandlingsreforma:** Samarbeid med kommunar, ikkje minst nytt avtaleverk som innehold overordna samarbeidsavtale og 12 tenesteavtalar. Brukarutvalet har delteke aktivt i arbeidsgrupper og utgreiingsarbeid mellom anna om ØH senger og lokalmedisinske tenester i kommunane. Deltaking i arbeidet med samhandlingsreforma vil også vera ei omfattande og prioritert oppgåve for Brukarutvalet i 2013.
- ❖ **Psykisk helse**

Det har også mellom anna vore arbeidd med:

- ❖ **Mål og strategi for brukarmedverknad i Helse Vest.** Er framleis under arbeid og skal formelt handsamast i styret i Helse Vest i desember 2012. Det vil bli arbeidd med vidare operasjonalisering våren 2013.
- ❖ **Strategi for Helsefremmande arbeid og førebygging**

Status for Brukarmedverknad i Helse Bergen

Brukarutvalet er framleis tilfreds med korleis Helse Bergen si leiing handterer brukarmedverknad. Sjølv om det innan einskilde fagområde er mindre fokus på systematisk brukarmedverknad, er utviklinga i det store og heile positiv. Sjukehusleiinga har prioritert å halde Brukarutvalet orientert om sentrale aktuelle saker i Helse Bergen og slik gitt brukarane eit godt fundament for sin medverknad.

Utfordringar .

Det var også eit ynskje om og eit behov for å arbeide med forankring mot pasientorganisasjonane. Det er behov for ytterlegare opplæring i brukarmedverknad. Alle som representerer brukarane bør ha gjennomført brukarkurs og skal utnemnast av Brukarutvalet.

Det har også i 2012 vore slik at ein både i Helse Bergen og hjå brukarorganisasjonar ved fleire høve ikkje har greidd å skilje mellom kvardagskompetanse og brukarmedverknad. Brukarutvalet har retningsliner for brukarmedverknad som framleis står fast. I desse står det at all oppnemning av brukarmedverkarar skal skje gjennom Brukarutvalet. Det er Brukarutvalet som avgjer kva type representasjon som trengs og som held kontakt med paraplyorganisasjonar eller einskildorganisasjonar for å skaffe rette person.

Brukarutvalet har forsøkt å følgje opp desse utfordringane. Det har vore eit problem at det er vanskeleg å få innmeldt kvalifiserte brukarmedverkarar frå interesseorganisasjonane. Dette må det arbeidast vidare med i 2013.

Ei viktig oppgåve for brukarutvalet vil vere å gjennomføre punkt 7 i overordna avtale med følgjande innhald:

Pasient- og brukarorganisasjonar skal medverke i forbindelse med utarbeiding, praktisering, oppfølging og endring av avtalen.

Det skal leggast til rette for brukarrepresentasjon i alle organ og møtearenaer som inngår i denne samhandlingsavtalen. Ved oppnemning av brukarrepresentant/-ar skal ein vende seg til brukarutvalet ved det mest involverte sjukehuset/helseføretak. Brukarutvalet skal sørge for riktig representasjon. I mange samanhengar er det naturleg med lokal representasjon gjennom Eldreråd og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, - då må brukarutvalet kontakte desse. I dei høve der brukarutvalet ser det som formålstenleg, kan det oppnemnast to brukarrepresentantar.

Brukarmedverknad skal også sikrast ved at det regelmessig og systematisk vert gjennomført Brukarundersøking hjå alle involverte partar.

Partane i spesialisthelsetenesta som inngår i tenesteavtale 2 skal ha brukarutval.

Kurs og seminar

Medlemmer har halde innlegg på:

- Samling i Nasjonalt nettverk for samhandlingsreforma
- Helse-Norge i endring – erfaringer og fremtidstanker fra ulike nivåer og aktører

Følgjande eksterne kurs/seminar i 2012

- Saman for livet! Fastlegane og helseføretaka på samhandlingslaget

Rekneskap

Brukarutvalet har ikkje hatt eige budsjett, men budsjetttramme fastsett av føretaksleiinga.

Nødvendige kostnader blir belasta føretaksleiinga.

Kostnader:	2011(nov)	2012 nov
------------	-----------	----------

Kurs, seminar og kongressar

Møtegodtgjersle	122 000	156 000
-----------------	---------	---------

Køyregodt	14 000	18 000
-----------	--------	--------

Reisegodtgjersle

Totalt	137 000	174 000
--------	---------	---------

Det vart i sak for føretaksleiinga rekna med eit forbruk på om lag kr. 162 000 kr i 2010

Som ein konsekvens av at det frå august 2009 vart innført honorering av brukarrepresentasjon utover deltaking i Brukarutvalet i Helse Bergen noko som om lag dobla kostnadane ved brukarmedverknad. Frå hausten 2012 er tal representantar auka med ein. Dette vil innebera noko auke i årleg kostnad.

Bergen 03.12.2012

Jorunn M. Bakke,
Leiar av brukarutvalet i Helse Bergen

Vedlegg: Prosjektoversikt pr. 31.12.2012

